



Invitasjon til fylkesting for ungdom 2018.

Ungdomspolitisk utval (UPU) ynskjer med dette å invitere til fylkesting for ungdom (FFU).

Tingsetet vert arrangert 6. til 8. april på Thon Hotel Jølster, Skei. Vi startar fredag kl. 18.00. Rammeprogram, informasjonsskriv om fylkesting for ungdom og samtykkeskjema ligg vedlagt. De finn også all informasjon om fylkesting for ungdom på nettsidene til fylkeskommunen: www.sfj.no/fylkesting-for-ungdom. Der finn de også lenke til påmeldingsskjemaet. Frist for å melde seg på er 9. mars 2018.

Saker, vedtekter og kandidatar

Alle ungdomar i fylket, i alderen mellom 13 og 23 år, kan ta opp saker til FFU. Sakene vert handsama av arbeidsorganet til FFU, ungdomspolitisk utval (UPU), i forkant av tinget. Sakene må vere UPU i hende minst éin månad før tingsetet, 9. mars 2018. UPU set opp sakliste basert på innkomne saker og saker det vil vere naturleg å ta opp. Saker kan sendast til Ungdomspolitiskutval@sfj.no. Det vil i tillegg vere mogleg å ta opp saker under generaldebatten på tinget. Under spørjetimen skal deltakarane også ha ein dialog med fylkespolitikarane, der dei kan stille spørsmål til kvarandre.

Dei som er innkalla til FFU (kommunane, politiske ungdomsparti, fylkesdekkande ungdomsorganisasjonar og ungdomspolitisk utval) kan sende framlegg til endring av vedtektene. Bruk skjema til fylkeskommunen si nettside. Framlegget må vere sendt inn minst 14 dagar før fylkesting for ungdom. Det er også mogeleg for delegatar og observatørar sende inn framlegg til endring av vedtektene til uttalenemnda under fylkesting for ungdom, innan den fristen som gjeld for innsending av forslag til uttalenemnda.

Alle ungdom i alderen 13 til 23 år kan stille til val til ungdomspolitisk utval. Det er mogeleg å stille til val ved å nominere seg sjølv eller andre i forkant og undervegs på tinget. Bruk skjema på fylkeskommunen si nettside.

Samtykkeskjema

Alle deltakarar på FFU må sende inn signert samtykkeskjema for at dei skal få delta på fylkesting for ungdom. I samtykkeskjemaet kan ein gje melding om det er noko vi skal ta særleg omsyn til t.d. når det gjeld mat, rørslehemming osv. Her gir ein også tilbakemelding om reiseforsikring, og at ein har sett seg inn i reglar og generell informasjon om fylkestinget. Mindreårige deltakarar må ha signatur frå føresette. Også myndige deltakarar skal signere på skjemaet og stadfeste at dei er orientert om og godtek reglar og annan informasjon om FFU. Samtykkeskjemaet vert lagt ut på nettsidene til fylkeskommunen.

Overnatting

Alle deltakarar skal i utgangspunktet dele rom med ein annan deltakar av same kjønn. Så langt som råd prøver vi å plassere deltakarane på rom med nokon dei kjenner frå før, og med nokon som er i om lag same alder. Dersom det er grunnar til at ein deltakar treng enkeltrom kan kommunen/partiet/organisasjonen eller deltakaren sjølv ta kontakt med Guro Høyvik i fylkeskommunen for å avtale dette. Det kan då bli eit tillegg i prisen. På grunn av avgrensa plassar vil påmelding for delegatar bli prioritert framfor observatørar, men berre dersom det vert svært mange påmelde.

Påmelding og kostnader

Påmeldingsskjema oversyn over priser og alternativ for opphald ligg på fylkeskommunen sine nettsider. Påmeldingsfrist er 9. mars 2018. Avmelding etter fristen blir fakturert fullt ut.

Kostnadane for opphald og reise vert dekkja av kommunen for delegatar og observatørar frå ungdomsråda, og det er difor kommunen som må melde på deltakarar frå ungdomsråda. Politiske parti og fylkesdekkjande ungdomsorganisasjonar betalar for sine deltakarar. Fylkeskommunen sender ut faktura i etterkant av samlinga.

Prisar

- Deltek fredag til søndag; overnatting på dobbeltrom inkl. middag fredag, frukost, lunsj og middag laurdag, og frukost og lunsj søndag: kr 2700.
- Deltek laurdag, inkl. lunsj og middag: kr 900.
- Deltek søndag, inkl. lunsj: kr 550.

Meir informasjon

All informasjon om fylkesting for ungdom 2018 finn de på fylkeskommunen sine nettsider: www.sfj.no/fylkesting-for-ungdom. Ber om at denne invitasjonen og vedlegg vert vidareformidla til dei som vert påmelde til fylkesting for ungdom.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål:

- Ole Martini, leiar i ungdomspolitisk utval; e- post: ungdomspolitiskutval@sfj.no, mob. 413 93 028.
- Guro Høyvik, rådgjevar i nærings- og kulturavdelinga, e- post guro.hoyvik@sfj.no, mob. 415 30 608.

Vel møtt til fylkesting for ungdom 2018!

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Ole Martini
leiar i ungdomspolitisk utval

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Rammeprogram.
Informasjonsskriv om fylkesting for ungdom.
Samtykkeskjema.

Mottakar (ar)

Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL
Aurland kommune Vangen 1 5745 AURLAND
Balestrand kommune Kong Beles veg 20 Rådhuset 6899 BALESTRAND
Bremanger kommune Postboks 104 6723 SVELGEN
Eid kommune Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID
Fjaler kommune Dalstunet 20 6963 DALE I SUNNFJORD
Flora kommune Postboks 264 6900 FLORØ
Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE
Gaular kommune Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD
Gloppen kommune Grandavegen 9 6823 SANDANE
Gulen kommune Eivindvikvegen 1119 5966 EIVINDVIK
Hornindal kommune Postboks 24 6761 HORNINDAL
Hyllestad kommune Kommunehuset 6957 HYLLESTAD
Høyanger kommune August Gunnarskogsgt. 1 6993 HØYANGER
Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER

Leikanger kommune Skrivarvegen 7 6863 LEIKANGER
Luster kommune Rådhuset 6868 GAUPNE
Lærdal kommune Postboks 83 6886 LÆRDAL
Naustdal kommune Tunavegen 6 6817 NAUSTDAL
Selje kommune 6740 SELJE
Sogndal Kommune Postboks 153 6856 SOGNDAL
Solund kommune 6924 HARDBAKKE
Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN
Vik kommune Postboks 134 6891 VIK I SOGN
Vågsøy kommune Postboks 294 6701 MÅLØY
Årdal kommune Statsråd Evensensveg 4 6885 ÅRDALSTANGEN
Grønn ungdom Sogn og Fjordane v/ Bendik Vasstein Carlsen
Raud ungdom Sogn og Fjordane v/ Raudt Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane AUF
Sogn og Fjordane FpU v/ Sogn og Fjordane FrP
Sogn og Fjordane KrFU v/ Sogn og Fjordane KrF
Sogn og Fjordane Senterungdom v/ Emma Berge Ness
Sogn og Fjordane SU
Sogn og Fjordane Unge Høgre v/ Sogn og Fjordane Høgre
Sogn og Fjordane Unge Venstre v/ Anne Kristin Villar Sundal
Elevorganisasjonen i Sogn og Fjordane v/ Hanne Hjartholm
LO ungdom Sogn og Fjordane
Skeiv ungdom Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane KFUK-KFUM
Sogn og Fjordane Natur og Ungdom v/ Solveig Bermudez
Sogn og Fjordane 4H v/ Åge Avedal
Sogn og Fjordane Røde Kors ungdom v/ Thor Erlend Mehammer
Sogn og Fjordane krets av Norges Speiderforbund v/ Trine Ludvigsen Rygg
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset Julsundvegen 9 6404 MOLDE

Kopi til:

Jenny Ellaug Følling, FORD
Jan Heggheim, NKA
Ungdomspolitisk utval (UPU)